

## Referat frå årsmøte i Veteranbåtlag Atløy 2015

Stad: Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Tid: Tysdag 12. mai 2015 kl. 18:00

Sak 1 **Innkalling og saksliste.** Innkalling var kunngjort i avisene i Sogn og Fjordane.

Årsmøtet godkjende innkalling og saksliste til tross for at det var ein feil i annonsen. Der var tidspunktet for møte sett til kl. 15:00 i staden for kl. 17:00.

Sak 2 **Val av to personer til å skrive under møtereferatet.** Hans Æsøy og Aldis Grytten Sand var valt til å skrive under referatet frå årsmøtet.

Sak 3 **Årsmelding.** Sander Ødelien var valt til å leie møte og leste opp årsmeldinga, som vart godkjend med atterhald om at feilskriving av namn blir retta før den blir lagt fram for underskriving av styret.

Sak 4 **Rekneskap og budsjett.** Rekneskap og budsjett vart gjennomgått og godkjent samrøystes slik det låg føre.

Sak 6 **Val.** Styret var nytt av i fjor og heile styre. For å behalde kontinuitet i styret kan ikkje heile styre vere på val samstundes. Eit nytt styremedlem var valt for to år og ved loddtrekning var eit styremedlem til valt til å sitte i to år

Valnemnda, Per Grov, Leif Kvalvik og Jan Ove Hjelmås tok attval

Vedtak: **Alle framlegg vart samrøystes godkjende.**

Styret vert som vist under.

Styrleiar:	Rolf Grønnevik, 1 år
Styremedlemmer:	Sander Ødelien, 1 år
	Ludvig Sandvik, 1 år
	Aldis Grytten Sund, 2 år
	Nils Jørgen Hansen, 2 år
Varamedlemmer:	Leif Kvalvik
Revisor:	Deloitte
Valnemnd:	Per Grov, Leif Kvalvik og Jan Ove Hjelmås

Florø 12.mai 2015

Berit Høivik  
skrivar

Hans Æsøy

Aldis Grytten Sund